



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3360 - 17/1629

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
19.01.2017

Oversending av søknad til uttale - gbnre 133/5 Soltveit søndre

Saka gjeld søknad om dispensasjon for frådelling av parsell med eksisterande bustad og uthus på gbnr 133/5 Soltveit søndre. Det er opplyst at omsøkt parsell skal ha eit areal på om lag 1 500 m². Parsellen skal seljast til søkjar si dotter som i dag bur i bustaden.

Eigedomen har privat vassforsyning og avlaupsløysing. Det er etablert veg fram. Avkjøringsløyve til kommunal veg ligg føre.

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

Planstatus

Eigedomen ligg i område som er omfatta av Kommunedelplan for Alverstraumen. Området er avsett til LNF-føremål.

Omsøkte tomt ligg like vest for Hillandsvatnet som det er knytt store friluftssinteresser til. Eit større område er båndlagt etter lov om friluftsliv (skravert område).



